

HB 8.S.32.4 (N)
 12.2021

Plankrav – Eldre og personar med demens

Krav om heilskapleg planlegging

Målet med plankravet er å oppnå ei kunnskapsbasert tilnærming til behov og tiltak. I dette skjemaet skal kommunen vise at behovsoverslaget er basert på kunnskap om målgruppa. Alle relevante faktorar skal vere vurderte. Kommunen skal òg vise korleis dei gjennom heilskapleg planlegging skal møte målgruppa sitt framtidige behov for tenester og bustad. Det er spesielt viktig å tenke langsiktig og i fleire spor for å møte ein framtidig auke i talet på eldre og personar med demens.

Meir utfyllande opplysningar finn de under «retteleiing til skjema plankrav» på side seks.

Kommune	
Dato	

1. Kunnskapsgrunnlaget

RETTLEIING

Kommunen si kartlegging skal gi eit bilete av den noverande situasjonen, utviklingstrekk og framtidige behov for heile målgruppa eldre og personar med demens.

Kva for eit år er kunnskapsgrunnlaget frå?	
Informasjon om ev. plan(ar)	

A. Demografi


Aldersgrupper for eldre og personar med demens	Folketal per i dag	Framskriving 10 år	Framskriving 30 år
Over 90 år			
80–89 år			
67–79 år			
Aldersgrupper for personar med demens	Folketal per i dag	Framskriving 10 år	Framskriving 30 år
50–66 år			
Under 50 år			

B. Interne rammevilkår

Opplysningar (Vi har sett inn eksempel på svar som kulepunkt)	Svar/kommentarar
Har kommunen bustadpolitiske føringar for målgruppa? <ul style="list-style-type: none"> • Vi har ein bustadpolitisk plan som dekker målgruppa. • Vi har ein overordna bustadpolitisk plan. 	
Har kommunen føringar for tenestetilbodet for målgruppa? <ul style="list-style-type: none"> • Det er gitt føringar for tenester i kommuneplanen sin samfunnsdel. • Vi har ein helse- og omsorgsplan. 	

C. Noverande bu- og tenestetilbod

Bu- og tenestetrappa syner ein måte å få ei systematisert oversikt over kommunen sine behov og tilbod. Ei mogleg utgåve av trappa er vist nedanføre.



Noverande bu- og tenestetilbod.

Opplysningar (Vi har sett inn eksempel på svar som kulepunkt)	Svar/kommentarar
Kva er talet på personar som tek imot heildøgns omsorgstilbod? <ol style="list-style-type: none"> 1. Langtidsopphald institusjon <ul style="list-style-type: none"> • 40 langtids plassar sjukeheim, nivå 5 2. Korttidsopphald institusjon <ul style="list-style-type: none"> • 10 korttids plassar sjukeheim/30 i helsehus korttidsopphald (KAD/ØHD), nivå 4 3. Omsorgsbustader <ul style="list-style-type: none"> • 80 personar i omsorgsbustader, nivå 3 	

Fortsetting **kapittel C. Noverande bu- og tenestetilbod.**

Opplysningar	Svar/kommentarar
Korleis sørgjer kommunen for at tilbodet om rehabilitering/opptrening og avlasting blir vareteke?	
Tal på heildøgns omsorgsplassar? 1. Dekningsgrad 2. Gjennomsnittleg butid Her kan ein velje å skilje mellom institusjon og omsorgsbustad	
Har kommunen dagaktivitetssenter for målgruppa? Nemn dei ulike tilboda.	

2. Behov for omsorgsplassar og tenester

RETTLEIING

Kunnskapsgrunnlaget seier noko om kor mange i denne målgruppa som totalt treng bustad- og tenestetilbod framover.

Opplysningar	Svar/kommentarar
Kor mange omsorgsbustader er det behov for dei neste 10 åra?	
Kor mange institusjonsplassar er det behov for dei neste 10 åra?	
Kva er behovet for dagaktivitetstilbod dei neste 10 åra?	

3. Arealbehov og lokalisering (tomteval)

RETTLEIING

Normalisering og integrering handlar om korleis alle, uavhengig av alder, sosiale eller fysiske føresetnader kan fungere saman i eit trygt og godt bumiljø. Kommunen må vurdere framtidige arealbehov og sette av nok eigna tomter til omsorgsbygg.

Opplysningar	Svar/kommentarar
(Vi har sett inn eksempel på svar som kulepunkt) Har kommunen sett av eigna areal til framtidige omsorgsbygg og/eller til utviding av eksisterande bygg? <ul style="list-style-type: none"> • Det er sett av areal til sjukeheim og omsorgsbustader i kommunen sin arealplan / det inngår i rullering av arealplanen. • Reguleringsplan for ny sjukeheim er vedteken. • Interkommunalt samarbeid der plassane er lokaliserte i nabokommunen. 	
Har kommunen nok byggeklare tomter til omsorgsbygg? (ferdigregulerte tomter eigd av kommunen)	
Korleis blir brukarmedverknad gjennomført i planleggingsprosessen? <ul style="list-style-type: none"> • Eldre-/seniorråd har gitt ei skriftleg fråsegn. • Rådet for funksjonshemma har gitt innspel til arealplanen • Andre relevante samarbeidspartnarar og aktørar i planprosessen er med. 	

4. Ressursane i kommunen

RETTLEIING

Beskriv kommunen sin ståstad med tanke på moglegheiter og avgrensingar.

Opplysningar	Svar/kommentarar
Økonomi	
Tenester	

5. Samla behovsvurdering for omsorgsplassar og tenester

RETTLEIING

Beskriv korleis kommunen planlegg å møte målgruppa sine bu- og tenestebehov no og dei neste 10 åra.

Rettleiing til skjema plankrav

Føremålet med plankrav ved søknad om investeringsstilsnot til heildøgns omsorgsplassar

«Stimulere til bedre og mer helhetlige, langsiktige behovsvurderingar før kommunene investerer i nye eller rehabiliterer de mest kostnadskrevene tilbudene.

Det legges ikke opp til at plankravet medfører behov for rulling eller endring av allerede vedtatte overordnede planer. Innholdet i plankravet vil være:

- beskrivelse av dagens bo- og tjenestetilbud
- utarbeide et kunnskapsgrunnlag basert på tilgjengelig statistikk
- beskrivelse av hvordan brukermedvirkning er ivaretatt
- beskrivelse av hvordan investeringer og drift er ivaretatt i økonomiplan og/eller årsbudsjett
- behovsvurderingar – helhetlig vurdering av overnevnte punkter

Mindre tiltak som først og fremst skal bidra til bedre kvalitet på eksisterende omsorgsplasser er fritatt fra plankravet, som fellesareal som kun er til bruk for beboerne i omsorgsbygget, opparbeiding av uteareal, for eksempel etablering av sansehage og rene utbedringer som installering av velferdsteknologi, sprinkleranlegg, heis med mere.»

Sitat frå Helse- og omsorgsdepartementet

1. Kunnskapsgrunnlaget

TILBAKE

Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag som omfattar heile målgruppa, må ligge til grunn for behovsvurderingane i søknaden. Grunnlaget skal vere lagt fram og teke stilling til av dei folkevalde i samband med budsjettbehandling. Kunnskapsgrunnlaget bør seie noko om status og utviklingstrekk når det gjeld

- demografi
- sjukelegheit/aldring/helsetilstand
- frivillig og uformell omsorg
- preferansane til dei eldre
- bemanningsbehov og tilgang på personell
- nasjonale føringar, til dømes auka oppgåver i kommunane som følge av samhandlingsreforma og liknande

Informasjon om eventuelle planar til dømes vere at vurderinga er nedfelt i

- helse- og omsorgsplan
- bustadpolitisk handlingsplan
- samfunnsdelen i kommuneplanen
- arealdelen i kommuneplanen

Politisk vedteken år x, det er planlagt rulling neste år med meir.

Nasjonale føringar

I den nasjonale strategien for den sosiale bustadpolitikken (2021–2024) «Alle trenger et trygt hjem», er det eit prioritert mål med sosial berekraft i bustadpolitikken. Eit av punkta er å bidra til fleire eigna bustader for eldre.

Plankravet må sjåast i samanheng med strategien «Leve hele livet». Det blir òg vist til Folkehelseloven §5 og folkehelseoversikta som skal ligge føre i kommunane kvart fjerde år. I det vidare arbeidet med folkehelseoversikta og planstrategien, vil kommunen si kartlegging og kunnskap framover kunne bli brukt i samband med investeringsstilsnotet sine målgrupper.

Det blir òg vist til «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023».

1. A. Demografi

Befolkningsstatistikk for målgruppa finst for ulike område og er ofte eit resultat av kommunen sine egne registreringar. Dette blir rapportert i ulike samanhengar som I IPLOS, KOSTRA med meir. Statistisk sentralbyrå (SSB) har tilgjengelege statistikketal og ved framskriving blir runde tal som 2030 brukt. Ved utfylling av befolkning per i dag og framskriving i år 10 og 30, nyttar kommunen næraste tilgjengelege berekning frå SSB. Kommunen kan òg nytte egne berekningar ved hjelp av ulike verktøy.

1. B. Interne rammevilkår


Lokale forhold som påverkar både kommunen si planlegging og eit enkelt prosjektet kan til dømes vere geografien i kommunane, plassering, tenestetilbod, det totale bustadtilbodet i kommunen o.l. I tillegg kjem dei politiske føringane.

1. C. Noverande bu- og tenestetilbod

Beskriv med tal/analysar den heilskaplege innsatsen på bu- og tenestemrådet for målgruppa i kommunen.

Bu- og tenestetrappa

Kunnskapsgrunnlaget seier noko om kor mange i den aktuelle målgruppa som totalt treng bustad- og tenestetilbod. Det kan vere nyttig for kommunen å sjå på korleis dei ulike lågare trinna i bu- og tenestetrappa spelar saman med behovet for omsorgsplassar (dei høgaste trinna). Det er mykje som tyder på at det lønner seg å sette inn tiltak på dei lågaste trinna for å minske trykket på dei øvste trinna for kommunane. Omsorgsbygg er tradisjonelt dyre bygg å etablere og drifte.



*Folkehelse (helsefremmande tilbod i nærmiljøet), informasjon og rettleiing, tilgang til transport/handels- og servicefunksjonar, universell utforming, møteplassar, brukarmedverknad, pårørandeinvolvering, frivillig innsats med meir.

**Tenester i heimen, matombringning, praktisk hjelp, hjelpemiddel, tryggleiksalarm, omsorgsløn for pårørande, tilrettelegging av bustad, støttkontakt, dag- og aktivitetstilbod, avlastning, fysioterapi, ergoterapi med meir.

***Heimesjukepleie, praktisk bistand, miljøarbeid i heimen, psykiatrisk sjukepleie, brukarstyrt personleg assistent med meir.

****Avlastning, rehabilitering, strakshjelp, døgnopphald, utgreiing, medisinsk behandling mv.

*****Opphavleg heim, tilpassa bustad, sentrumsnær livslaupsbustad, bustad med nokre tenester og eigna lokalisering med meir.

2. Behov for omsorgsplassar og tenester

TILBAKE

I kunnskapsgrunnlaget skal det komme fram kor mange i den aktuelle målgruppa som vil ha behov for eit bu- og tenestetilbod. Dette behovet bør sjåast i samanheng med behova på lågare trinn i bu- og tenestetrappa for å vurdere eventuelle tiltak før det er behov for heildøgns tenester.

3. Arealbehov og lokalisering (tomteval)

TILBAKE

Kommunen viser korleis dei har vurdert framtidige arealbehov (behov for eigna tomter) i samband med omsorgsplassar og syner korleis dette er innarbeidd i arealplanane i kommunen. Det kan gjerne leggest ved utdrag frå arealplanen eller visast til kor ein kan finne planen. Kommunen si vurdering når det gjeld omsorgsplassar bør inngå i stads- og sentrumsutviklinga til kommunen. Dette vil kunne bidra til auka kvalitet på heildøgnsstilbodet og ei meir effektiv heimeteneste med kortare køyretid. Ved ombygging/rehabilitering av eksisterande bygg kan nye funksjonar bli etablerte i bygget som direkte vender seg til nærmiljøet. Det bør bli avsett areal til ulike bygg og funksjonar, dette bør sjåast i samanheng med bu- og tenestetrappa.

God forankring av ulike prosjekt føreset at det er sett av tomter i ein langsiktig arealplan. Det er viktig at planar som gjeld denne målgruppa er lagt fram for brukarane og representantane deira (pårørande, råd og interesseorganisasjonar).

Normalisering og integrering

Omsorgsbygget bør bli plassert i eit attraktivt nærrområde med god tilgang til ulike tilbod. Då vil bebuarane møte andre og kunne ta del i eit kvardagsliv utover det som går føre seg i sjølve butilbodet. Samlokalisering kan ha positive og negative effektar med tanke på normalisering og integrering. Vurder derfor om lokaliseringa får negative konsekvensar for eksisterande busetnad innanfor området og for eventuelle framtidige prosjekt.

Omsorgsbustader skal ikkje ha institusjonsliknande preg. Dette blir påverka av plassering/tomteval, storleiken på prosjektet (talet på bueiningar) og tilkomstforhold med meir. For institusjonar er det eit mål å gjere grep for å lage ein mest mogleg open institusjon så lenge det passar målgruppa (invitere inn/ut, tilgjengelegheit/nærleik). Riktig lokalisering gjer at omsorgsbygget har eit potensiale for å bli utvikla til ein vital møteplass på tvers av bebuarane sin alder og livssituasjon. Dette kan òg styrke eksisterande nærmiljø/sentrumsområde.

Det er eit mål å etablere samansette bumiljø/neighborhood der ulike menneske i ulike aldrar kan bu saman. Det finst døme på ulike butilbod mellom anna på husbanken.no.

4. Kommunen sine ressursar

TILBAKE

Beskriv kommunen sine moglegheiter og avgrensingar med tanke på tilgjengelege ressursar (investering/tenester). Kommunen gjer ei vurdering av økonomiske midlar og kapasitet på tenestesida for å kunne møte behovet for bustader/omsorgsplassar og tenester.

Fleire kommunar vil få utfordringar framover ved at dei får fleire tenestemottakarar og samtidig færre hender som kan yte tenestene (heimebaserte og i institusjon). Sjølv om kommunane har mange frivillige og pårørande som bidreg, er det viktig at kommunen er så realistisk som mogleg ved vurdering av moglegheitene kommunen har i framtida. Svært mange kommunar legg opp til at ein skal vere heimebuande heile livet, då vil transportavstandar vere ein faktor kommunen må ta med vurderinga. Korleis kommunen best skal bruke rom i økonomi, sikre tenester og dessutan kvalitet på desse, er ei komplisert øving. Dette krev gode kunnskapar om eigen situasjon.

5. Samla behovsvurdering for omsorgsplassar og tenester

TILBAKE

Behovsvurderingane i kommunen bør både inkludere eit førebyggjande og eit langsiktig perspektiv. For å kunne gjere ei behovsvurdering må kommunen ha kunnskap om eigen situasjon. Faktorar som får innverknad på kva kommunen kan tilby er: Økonomi, tenestepersonell, busettingsmønster, tilstand på bustader med meir. Ut frå ei heilskapsvurdering prioriterer kommunen kva som skal etablerast for å møte behova til målgruppa.

Konkrete enkelttiltak må gjerne vere nemnde i den samla behovsvurderinga under dette punktet, men det er ikkje eit krav.

Eit døme på svar/kommentar er:

- Kommunen har behov for 140 heildøgns omsorgsplassar dei neste 10–15 åra. Kommunen skal legge ned 3 av sjukeheimane og samle tilbodet i eit nytt og større bygg. Med dette sparer kommunen 30 mill. i driftskostnader kvart år. Ved ferdigstilling skal det byggast 30 omsorgsbustader og eit eige bygg for yngre personar med demens. Målet er å tilby betre tenester, og at det skal bli enklare å få eit godt fagmiljø og dessutan betre nytte av personell og vikartenesta. Kommunen er i gang med prosjekt med utleigebustader i sentrum (tildelingsrett). Alle nye kommunale utleigebustader skal halde uu-standard, så langt det lèt seg gjere. Kommunen vurderer innovative løysingar som sjukeheim/studentbustader og andre kollektive løysingar for å kunne møte utfordringane i framtida.

6. Redusert plankrav

Ved søknad om tilskot til tiltak med redusert plankrav, krevst det ikkje levering av skjema for plankrav. Har kommunen levert plankravskjema for den aktuelle målgruppa i løpet av dei siste 4 åra, er reduserte plankrav vareteke.

I dei tilfella der kommunen ikkje har levert plankravskjema for den aktuelle målgruppa i løpet av dei siste fire åra, vil saksbehandlar i Husbanken følge opp det reduserte plankravet med spørsmål. Informasjon om kva tiltak og spørsmål dette gjeld er vist nedanføre.

Korttidsplassar for avlasting og rehabilitering

Kommunen fyller ut dialogverktøy for den aktuelle målgruppa. Det blir stilt spørsmål om noverande bu- og tenestetilbod jf. skjema plankrav kapittel 1. C side 2 og 3 (unntak rad 3: Tal for heildøgns omsorgsplassar).

Dagaktivitetssenter

Kommunen fyller ut sjekklister for dagaktivitetssenter. Det blir stilt spørsmål om kva behovet for dagaktivitetstilbod vil vere dei neste 10 åra jf. skjema plankrav kapittel 2 (rad 3) side 3.